

Vats Grendeutval

tirsdag, 17. august 2010

v/Åsmund Kalstveit

Svantesvold, 5576 Øvre Vats

[svantkal@online.no](mailto:svantkal@online.no)

Til

Vindafjord kommune

v/ rådmann Kristian Birkeland

5580 Ølen

### **Oppmoding om igangsetjing av tiltak for betring av vasskvaliteten i Vatsvassdraget.**

Vats Grendeutval har i samarbeid med og med støtte av Vindafjord kommune, Statens Landbruksforvaltning og bedrifter i Vats fått NIVA til å utarbeida ein rapport, "Tilstand i Vatsvassdraget 2009" som følgjer vedlagd.

I det me viser til pkt 3.4.2 i den vedtekte Landbruksplanen for Vindafjord vil me med dette oppmoda om at det blir sett i gang tiltak retta mot landbruket, andre næringsverksemdar og innbyggjarane i nedslagsfeltet til Vatsvassdraget med sikte på ein felles innsats for betring av vasskvaliteten.

I dag 17.08 har det her i Vats vore halde eit møte der Anders Hobæk frå NIVA orienterte representantar for grendeutvalet, bondelaget, landbruksrådgjevinga og kommunen si eining for landbruk om resultatane av undersøkinga slik det går fram av rapporten.

På bakgrunn av dette møtet vil me føreslå at det vert laga ein tiltaksplan med kopstnadsoverslag for å kunna søkja eksisterande statlege og fylkesvise støtteordningar og at det blir innhenta kompetanse frå fylket sine landbruks- og miljøvernavingar til planlegginga.

Både frå bondelag, grunneigarar, grendeutval og landbruksrådgjeving vart det uttrykt vilje til å vera med i ei eventuell styringsgruppe for eit slikt prosjekt, for å utvikla lokalt "eigarskap".

Me vonar på rask reaksjon frå kommunen si side, slik at planlegginga kan koma i gong i løpet av hausten og at eventuelt forslag om kommunale midlar og personellressursar til prosjektet kan koma med i arbeidsplan og budsjettforslag for 2011.

Med helsing

Åsmund Kalstveit